



Kultur- og oppvekstutvalet	03.02.2004	011/04
Kultur- og oppvekstutvalet	04.01.2005	004/05
Bystyret	11.01.2005	006/05

Sakshandsamar:
Runa Nybakk

Arkiv: K2-A10
Objekt:

Arkivsaknr
2004000033

HØYRINGSNOTAT OM NY BARNEHAGELOV

Kva saka gjeld:

Barne- og familiedepartementet har sendt utkast til ny barnehagelov på høyring, med høyringsfrist 10.01.05. Kommunane er ein av mange høyringsinstansar.

Framlegget til ny barnehagelov skal komme i møte behovet for ei forenkling og modernisering av gjeldande barnehagelov av 5.mai 1995 nr 19. Forenklinga som nå vert gjort skal gjere barnehagelova meir brukarvennleg.

Den nye lova skal styrke føresetnadane for at barnehagen kan gje barna omsorg og eit godt pedagogisk tilbod og kvalitet har vore ei rettesnor i arbeidet.

Lova skal bidra til ei ryddig ansvarsfordeling og stabile rammer i ein sektor som nærmar seg full behovsdekking. Framlegget til ny barnehagelov tek høgd for ein ferdig utbygd barnehagesektor, der kommunane får ansvaret for barnehagetilbodet.

Dei siste åra har barnehagesektoren vore utsett for mange endringar. Endringane kjem fordi forskning påverkar innhaldet i barnehagane og syn på barn, foreldra krev eit anna tilbod i dag enn for nokre år sida, auka krav til effektiv drift - og organisering fordi dei økonomiske rammene til kommunesektoren minkar. Kravet til effektiv drift og nye metodar for tilrettelegging av born sin aktivitet påverkar dei fysiske krava til bygg og utvendig areal. Vi veit at eit godt og tilrettelagt barnehagetilbod er eit positivt bidrag til barna sitt utdanningsløp.

Med dette som utgangspunkt gjev Flora kommune fylgjande merknad;

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Krav til kvalitet, innhald og eit høgt utdanna personale er bærebjelken i eitkvart barnehagetilbod. Krav til utdanning, rammeplan og pedagogisk innhald må lovfestast, og ikkje svekkast i høve dagens lovverk.

2. Kommune si plikt og vilkår for godkjenning av barnehagetilbod må standardiserast. Det må liggja føre godkjenning frå andre offentleg instansar før kommune som barnehagemynde godkjenner ein barnehage.
3. Kor stort eit omsorgstilbod for born kan vere før godkjenningsplikt inntreff, må lovfestast på ein meir tydeleg måte.
4. Kommunane må gjennom lova ha høve til lokal styring av barnehagetilbodet. Dette må også gjelde nedlegging av private tilbod gjennom å stanse tilskot eller inndra godkjenning av eit barnehagetilbod. Vilkåret for ei slik vurdering kan være ei heilskapleg tilnærning til endringar i etterspurnad, totalvurdering av kapasitet, barnetalet tilseier det, eller folketalssamansetninga i ein del av kommunen har endra seg o.l.
5. Flora kommune krev at det som oppfylgning til ny barnehagelov vert sett i gang eit utviklingsarbeid for å modernisere og tilpasse barnehagetilboda for framtida;
 - Departementet må ha ein offensiv visjon for kompetanseheving, etterutdanning og vidareutdanning av personale i barnehagane. Ordningane bør være i storleik og innhald tilsvarande det som eksisterar innan psykiatri, grunnskule o.l.
 - Departementet må gjere tiltak for å modernisere barnehagebygga gjennom tilsvarande ordning som finns på skulesektoren, mellom anna konkrete finansieringsordningar. I særleg grad gjeld dette tilpassinga av bygge til nye pedagogiske arbeidsmetodar, rehabilitering og inn klima, auka fokus på fleksible bygningsmessige løysingar for å ivareta stor variasjon av barnetal gjennom døgnet. Vi kan også vise til kva som har skjedd innan eldreomsorga dei siste åra.
6. Konkrete merknadar frå Flora kommune til ny lov går fram av vedlegg.

04.01.2005 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Utvalet var samde om å gjere slik endring i pkt.4: I andre setningen vert ordet "private" teke ut.

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Øyvind Berge,SV:

Flora kommune sine merknadar til ny barnehagelov vert endra i § 1 Formål:
Den kristne formålsbestemminga vert fjerna.

Røysting:

Framlegget frå SV vart vedteke med 6 mot 5 røyster.
Tilrådinga vart samrøystes vedteken med justeringa i pkt.4.

KUOP-004/05 VEDTAK:

1. Krav til kvalitet, innhald og eit høgt utdanna personale er bærebjelken i eitkvart barnehagetilbod. Krav til utdanning, rammeplan og pedagogisk innhald må lovfestast, og ikkje svekkast i høve dagens lovverk.
2. Kommune si plikt og vilkår for godkjenning av barnehagetilbod må standardiserast. Det må liggja føre godkjenning frå andre offentleg instansar før kommune som barnehagemynde godkjenner ein barnehage.

3. Kor stort eit omsorgstilbod for born kan vere før godkjenningsplikt inntreff, må lovfestast på ein meir tydeleg måte.
4. Kommunane må gjennom lova ha høve til lokal styring av barnehagetilbodet. Dette må også gjelde nedlegging av tilbod gjennom å stanse tilskot eller inndra godkjenning av eit barnehagetilbod. Vilkaåret for ei slik vurdering kan vere ei heilskapleg tilnærning til endringar i etterspurnad, totalvurdering av kapasitet, barnetalet tilseier det, eller folketalssamansetninga i ein del av kommunen har endra seg o.l.
5. Flora kommune krev at det som oppfylging til ny barnehagelov vert sett i gang eit utviklingsarbeid for å modernisere og tilpasse barnehagetilboda for framtida;
 - Departementet må ha ein offensiv visjon for kompetanseheving, etterutdanning og vidareutdanning av personale i barnehagane. Ordningane bør vere i storleik og innhald tilsvarende det som eksisterar innan psykiatri, grunnskule o.l.
 - Departementet må gjere tiltak for å modernisere barnehagebygga gjennom tilsvarende ordning som finns på skulesektoren, mellom anna konkrete finansieringsordningar. I særleg grad gjeld dette tilpassinga av bygge til nye pedagogiske arbeidsmetodar, rehabilitering og inneklima, auka fokus på fleksible bygningsmessige løysingar for å ivareta stor variasjon av barnetal gjennom døgnet. Vi kan også vise til kva som har skjedd innan eldreomsorga dei siste åra.
6. Konkrete merknadar frå Flora kommune til ny lov går fram av vedlegg.

Flora kommune sine merknader til ny barnehagelov vert endra i § 1 Formål:
Den kristne formålsbestemminga vert fjerna.

11.01.2005 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Jorunn Standal Haave,V:

Endring i pkt.1, tilleggspunkt:

Det må stillast krav om førskulelærerutdanning i barnehagen. Betegnelsen førskulelærer og styrar må vidareførast.

Tilleggspunkt:

Vidareførast krav om areal pr. barn i barnehage.

Røysting:

Pkt.1 i tilrådinga frå Kultur- og oppvekstutvalet vart sett opp mot framlegget framlegget frå Standal Haave (Kuop m/tillegg), der framlegget frå Standal Haave,V fall mot 2 røyster.

Pkt.2,3,4,5 og 6 vart samrøystes vedtekne.

Det vart røysta alternativt over framlegget frå Kultur- og oppvekstutvalet om å fjerne den Kristne formålsparagrafen, **framlegget fall mot 9 røyster.**

BYST-006/05 VEDTAK:

1. Krav til kvalitet, innhald og eit høgt utdanna personale er bærebjelken i eitkvart barnehagetilbod. Krav til utdanning, rammeplan og pedagogisk innhald må lovfestast, og ikkje svekkast i høve dagens lovverk.
2. Kommune si plikt og vilkår for godkjenning av barnehagetilbod må standardiserast. Det må liggja føre godkjenning frå andre offentleg instansar før kommune som barnehagemynde godkjenner ein barnehage.
3. Kor stort eit omsorgstilbod for born kan vere før godkjenningsplikt inntreff, må lovfestast på ein meir tydeleg måte.
4. Kommunane må gjennom lova ha høve til lokal styring av barnehagetilbodet. Dette må også gjelde nedlegging av tilbod gjennom å stanse tilskot eller inndra godkjenning av eit barnehagetilbod. Vilkåret for ei slik vurdering kan vere ei heilskapleg tilnærning til endringar i etterspurnad, totalvurdering av kapasitet, barnetalet tilseier det, eller folketalssamansetninga i ein del av kommunen har endra seg o.l.
5. Flora kommune krev at det som oppfylging til ny barnehagelov vert sett i gang eit utviklingsarbeid for å modernisere og tilpasse barnehagetilboda for framtida;
 - Departementet må ha ein offensiv visjon for kompetanseheving, etterutdanning og vidareutdanning av personale i barnehagane. Ordningane bør vere i storleik og innhald tilsvarende det som eksisterar innan psykiatri, grunnskule o.l.
 - Departementet må gjere tiltak for å modernisere barnehagebygga gjennom tilsvarende ordning som finns på skulesektoren, mellom anna konkrete finansieringsordningar. I særleg grad gjeld dette tilpassinga av bygge til nye pedagogiske arbeidsmetodar, rehabilitering og inneklima, auka fokus på fleksible bygningsmessige løysingar for å ivareta stor variasjon av barnetal gjennom døgnet. Vi kan også vise til kva som har skjedd innan eldreomsorga dei siste åra.
6. Konkrete merknadar frå Flora kommune til ny lov går fram av vedlegg.

Fredrik W. Gulbranson
Rådmann

Øyvind Bang-Olsen
Plansjef

Innleiing:

Barne- og familiedepartementet har sendt utkast til ny barnehagelov på høyring, med høyringsfrist 10.01.05. Kommunane er ein av mange høyringsinstansar.

Framlegget til ny barnehagelov skal komme i møte behovet for ei forenkling og modernisering av gjeldande barnehagelov av 5.mai 1995 nr 19. Forenklinga som nå vert gjort skal gjere barnehagelova meir brukarvennleg.

Den nye lova skal styrke føresetnadane for at barnehagen kan gje barna omsorg og eit godt pedagogisk tilbod. Kvalitet har vore ei rettesnor i arbeidet, og ei eiga arbeidsgruppe har vurdert korleis kvaliteten i tilbodet kan sikrast.

Lova skal bidra til ei ryddig ansvarsfordeling og stabile rammer i ein sektor som nærmar seg full behovsdekking. Framlegget til ny barnehagelov tek høgd for ein ferdig utbygd barnehagesektor, der kommunane får ansvaret for barnehagetilbodet.

Regjeringa sitt mål er at barnehagesektoren skal vere fullt utbygd i løpet av 2006 (St.prp. nr. 1 2004-2005). Alle familiar som ønskjer det skal få eit barnehagetilbod til barna sine. Det har vore eit langsiktig mål at barnehagesektoren skal rammefinansierast. Stortinget har gjort vedtak om at øyremarka tilskot til barnehagesektoren frå 01.01.06 skal inn i rammetilskotet til kommunane. Det vil seie at kommunane får ansvaret for finansieringa av barnehagetilbodet, og staten tilfører kommunane midlar gjennom inntektssystemet etter objektive kriterier.

Eit utviklingstrekk dei siste åra har vore at kommunane gradvis har fått fleire plikter og oppgåver som barnehagemynde. Målsettinga til departementet er at statleg regelverk retta mot kommunane i minst mogleg grad skal legge bindingar på kommunane sin måte å løyse oppgåvene på. Utvida ansvar for å løyse ei oppgåve, bør og føre til at kommunane får ansvar for å finne måtar å organisere oppgåveløysinga på. Med omsyn til lokalpolitisk skjønn og demografi skal kvar kommune kunne prioritere kva som er viktigast og korleis barnehagetilbodet skal utformast. Dette skal føre til ein effektiv tenesteproduksjon som vil i møtekomme brukarane sitt behov. Ei ryddig og tydelegare ansvars- og oppgåvefordeling skal legge til rette for nye etableringar, auka lokal tilpassing og gje mangfald i barnehagetilbodet. Lovforslaget legg og tilrette for auka brukarmedverknad.

Lovframlegget inneheld slike endringar:

- Innhaldsbestemminga vert utvida
- Barn sin rett til medbestemming vert synleggjort i eigen paragraf
- Plikt til å søkje godkjenning er foreslått skjerp
- Reglar om kommunen si handsaming av godkjenningssøknadar er foreslått endra
- Gjeldande bestemming om rett til prioritet ved opptak er foreslått utvida
- Fylkesmannen sin tilsynskompetanse er foreslått endra

Høyringsnotatet diskuterer og korleis utforminga av, og kompetansen i barnehagen si leiing og personalet elles bør vere. Konklusjon og vedtak om dette skal gjerast etter høyringa.

Vurdering:

I høyringsnotatet framhevar departementet kor viktig det er med kvalitet i barnehagetilbodet. Kompetanse i personalet, tilsetting av førskulelærar og hensiktsmessige barnegrupper vert sett fokus på i drøftinga. I framlegget til ny lov har departementet likevel ikkje vidareført dei minimumsbestemmingane som i dag er med å sikre kvaliteten i gjeldande barnehagelov.

Framlegget som vert presentert legg opp til ei lov som skal byggje på skjønn i forhold til vurdering av "egnethet" av barnehagen og barnehagen sitt uteområde.

Som vedlegg til saka vert Flora kommune si vurdering og merknadar til ny barnehagelov presentert.

Prenta/uprenta vedlegg:

Flora kommune sine merknadar til ny barnehagelov.

Departementet sin lovtekst til ny barnehagelov.

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
5	I	09.11.2004	Det kongelige Barne- og familiedepartement	Høringsnotat om ny barnehagelov	

Flora kommune sine merknadar til ny barnehagelov.

(Vedlegg til arkivsaknr 04/33)

Kap. I. Barnehagen sitt formål og innhold.

§1. Formål

Departementet føreslår ingen endringar av formålsparagrafen. Barnehagen sitt formål skal framleis vere å gje barna gode utviklings- og aktivitetssmuligheiter i nær forståing og samarbeid med barna sine heimar. Barnehagen skal hjelpe til med å gje barna oppdraging i samsvar med kristne grunnverdiar. Opplæringslova har og kristen formålsbestemming, og barnehage og skule bør byggje på same verdigrunnlaget. Eigarar av private barnehagar kan i vedtektene bestemme seg for at andre ledd ikkje skal gjelde.

Merknad:

Kommunen har ikkje merknadar til dette.

§2. Barnehagens innhold.

Når fleirtalet av barna går i barnehage og dei fleste har barnehageerfaring før dei begynner på skule, er det departementet si meining at Stortinget bør fastsette overordna bestemmingar om innhaldet i barnehagen. Slik kan samfunnet ta eit overordna ansvar for barnehagen sitt innhald samstundes som muligheiter til lokal tilpassing og variasjon vert ivaretatt. Leik, tileigning av kunnskap, formidling av verdiar og kultur, barn si kulturskaping, glede og meistring og forståing for bærekraftig utvikling, skal finne stad i barnehagen sitt fellesskap. Samarbeidet med heimen skal vere sentralt, då det er foreldra som har ansvar for barna si oppdraging og barnehagen skal hjelpe til.

Departementet drøftar omgrepet omsorg, med bakgrunn i at rammeplanen sitt heilskaplege læringsomgrep handlar om pedagogikk og omsorg. Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske, og må derfor vere nært knytt til omsorg.

Merknad:

Ved utbygd sektor vil ein barnehageplass bli eit allmeint verdferdsgode, sjølv om det ikkje vert innført individuell rett til barnehageplass. Vi ser det som positivt at ein ved å flytte element frå rammeplanen sine føringar om innhald og kvalitet frå forskrift til lov, får ei tydelegare lovfesting av barnehagen sin kvalitet og samfunnsmandat og at barnehagen sitt pedagogiske mandat med dette blir tydelegare.

Kap. II Barns og foreldres medvirkning

§3. Barns rett til medvirkning.

Barn sin rett til medverknad er nedfelt fleire stadar i rammeplanen, og i barnekonvensjonen artikkel 12 nr. 1. Ein grunnstein i oppdraginga til aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn er opplevinga av å bli høyrte og respektert. Barn har rett til å bli høyrte, men dei vaksne har ansvaret. Barns rett til medverknad krev kompetente vaksne som har gode og oppdaterte

kunnskapar og respekt for barn. Med bakgrunn i dette forslår departementet ein ny paragraf i lova om barn sin medverknad.

Merknad:

Barn sine synspunkt er viktige innspel i barnehagen sitt vurderings- og planleggingsarbeid. Opplevinga av å bli høyrte og respektert er viktig både i forhold til å føle eigenverd og som grunnlag for respekt og toleranse for at menneske er ulike. Dette understrekar at ein tek på alvor at barn og vaksne kan ha ulike interesser og opplevingar av verkelegheita. Vi ser det som positivt å opprette ein eigen paragraf om barn sin medverknad

§4. Foreldreråd og samarbeidsutval.

Som forenkling av regelverket, vert det foreslått å oppheve gjeldande forskrifter til foreldreråd og samarbeidsutval. Oppgåvene som er lagt til desse organa er foreslått tatt inn i lovteksten, medan detaljerte reglar om konstituering, funksjonstid, og avstemming fell bort.

Merknad:

Å ta bort detaljerte reglar om konstituering, funksjonstid og avstemming kan vi ikkje sjå fører til nokon endring av foreldra sin rett til medverknad, og støttar dette.

Det er foreslått i ny lovtekst at *"barnehageeigar skal sørge for at saker av viktighet forelegges samarbeidsorganene"*. Gjeldande forskrift §6 om samarbeidsutvalet sine rettigheter fell bort. Vi meiner det er viktig at samarbeidsutvalet sin "rett til å uttale seg" i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra også vert innarbeidd i lovteksten. Dette vil gje ei tydelegare stadfesting av foreldra sin rett til medverknad.

Forslag til lovtekst fjerde ledd:

"Barnehageeier skal sørge for at saker av viktighet forelegges samarbeidsorganene, som har rett til å uttale seg i saker som er av viktighet for barnehagens innhold, virksomhet og forholdet til foreldrene."

Kap. III Ansvar og myndighet

§6 Godkjenningsplikt

Departementet ønskjer å utvide bestemminga om barnehagelova sitt virkeområde, og skjerpe vilkåra for når ei verksemd er godkjenningspliktig. Dette vil i utgangspunktet føre til at fleire organiserte omsorgstilbod i barnegrupper får plikt til å godkjenne verksemda som barnehage. Både i gjeldande §13 godkjenningsplikt, og i ny §6 godkjenningsplikt, må alle tre punkta a-c oppfyllest før plikt om godkjenning skal settast i verk.

Merknad:

Vi støttar framlegget om innskjerping. Vi vil likevel peike på at lovframlegget opnar for at det framleis kan organiserast heildags omsorgstilbod med 9 barn over 3 år eller 4 barn under 3 år. Dette er viktig å sette opp imot og vurdere i forhold til forskrift om godkjenning av familiebarnehagar.

§7 Barnehageeiers ansvar

Departementet foreslår ein ny paragraf som stadfestar og klargjer barnehageeigaren sitt ansvar.

Merknad:

Tydeleg og utalt plassering av ansvar gjer lova meir brukarvenleg. Dette vil og vere til hjelp for kommunen når det skal utførast tilsyn med den enkelte barnehage. Vi ser positivt på dette.

Vi har likevel ein merknad til *pt C Barnehagens vedtekter*.

Gjeldande barnehagelov §15 om vedtekter, presiserer kva for innhald og tilhøve vedtektene skal regulere. Framlegg til vedtekter skal leggest fram ved søknad om oppretting og godkjenning av barnehage.

I lovframlegget skal barnehageeigar framleis fastsette vedtekter for barnehagen som inneheld *opplysninger av betydning for foreldrenes/de foresattes forhold til barnehagen*.

Som forenkling av reglane meiner departementet at barnehageeigar ikkje treng å legge ved forslag til vedtekter ved søknad om godkjenning av barnehagen. Kommunen som barnehagemyndede skal krevje å få innsyn i barnehagen sine vedtekter ved tilsyn. Skal kommunen kunne godkjenne ein søknad om barnehage, vil framlegget til vedtekter gje kommunen som barnehagemyndede nyttig informasjon i godkjenningsprosessen.

Vi meiner at siste setning i gjeldande §15 *Utkast til vedtekter skal legges fram ved søknad om godkjenning. Endelige vedtekter og vedtektsendringer skal sendes kommunen til orientering* må vidareførast som femte ledd i ny §7 .

§8 Kommunens ansvar

Merknad:

Kommunen sitt ansvar som barnehagemyndede er her foreslått samla i ein eigen paragraf. Dette er med på å tydeleggjere ansvarstilhøva. Det som vi i tillegg meiner er viktig, er å skilje mellom kommunen sin rolle som barnehage-eigar og barnehagemyndede. Vi vil derfor foreslå å endre overskrifta i ny §8 til "Kommunens ansvar som barnehagemyndighet".

Kommunen sine to hovudoppgåver som lokal barnehagemyndede, er å ha ansvaret for at det finnast eit samla barnehagetilbod i kommunen som dekkjer brukarane sine behov og ønskjer og sjå til at barnehagane i kommunen vert drivne i samsvar med gjeldande lover og regelverk. Godkjenning av nye barnehagar og tilsyn med eksisterande barnehagar er ein del av dette ansvaret. Vi viser her til merknad under §7 om framlegging av vedtekter ved godkjenning, som vil gjere kommunen sitt ansvar som barnehagemyndede ryddigare.

Vi ser det og som positivt at kommunen sitt ansvar for at det finnast eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar for barn under opplæringspliktig alder vert vidareført. Lokal kjennskap til faktisk behov er ein meir riktig måte å nå full behovsdekking på, enn å fastsette ein bestemt dekningsprosent.

§9 Fylkesmannens ansvar

Merknad

Vi ser det som positivt og ryddig at også fylkesmannen sitt ansvar vert samla i ein eigen paragraf. Dette gjev ei betre oversikt over ansvarsdelinga mellom kommune og stat; Kommunen er tilsynsmynde for barnehagane, og fylkesmannen rettleier og ser til at kommunen utøvar oppgåver som den er pålagt som barnehagemynde etter barnehagelova.

Kap. IV Barnehagemyndighetens generelle oppgaver

§10 Godkjenning

Departementet foreslår at verksemder som kjem under lova etter ny §6 plikter å søkje godkjenning. Kommunen som barnehagemynde skal avgjere søknaden om godkjenning etter ei vurdering av barnehagens "egnethet" i forhold til formål og innhald. Dette vil seie at kommunen skal ta stilling til om barnehagen sine fysiske rammer (lokale og uteområde) er egna til barnehagedrift. Bemanningsplanen skal vise at verksemda vert forsvarleg og at barnehagen kan oppfylle dei krava som vert sett til barnehagetilbodet sitt innhald. Med "formål" og "innhald" viser ein til §§ 1 og 2 i lovutkastet. Gjeldande §3 om barnehagen si utforming, med forskrifter med rettleiande norm for netto leikeareal inne og leikeareal ute vil opphøyre. Om kravet til "egnethet" er stetta vil med bakgrunn i dette ha utgangspunkt i ei skjønnsmessig heilskapsvurdering gjort av kommunen.

Utgangspunktet for kommunen si vurdering skal vere dei krav som vert stilt til barnehagedrift i ny lov §§1 og 2. Kommunen kan sette vilkår for drifta i forhold til tal på barn, alder på barn og opphaldstid.

Med omsyn til forenkling av lovverk foreslår departementet også å oppheve kravet om at vilkår etter anna lovverk skal vere klarlagt før godkjenning vert gjeve. Ut frå gjeldande lovverk skal det i dag føreligge uttale frå plan- og bygningsmynde, branntilsyn og helsemynde før det kan gjevast godkjenning. Når departementet nå foreslår å ta dette ut som del av godkjenninga, er det med bakgrunn i at ei klargjering i høve anna regelverk likevel er ein del av barnehageeigar si plikt og godkjenningsmynde sitt ansvar å sjå til vert stette. Departementet oppfordrar til aktiv rettleiing overfor utbyggjar, og eit nært samarbeid mellom kommunale instansar.

Kommunen har følgjande merknadar:

Barnehageeigar pliktar å sjå til at vilkår i både barnehagelov og anna lovverk er stetta. Kommunen skal rettleie, utøve tilsyn med eksisterande barnehagar og godkjenne nye barnehagar. Ved utøving av oppgåve som barnehagemynde skal kommunen nytte skjønn i forhold til "egnethet", og har rett til å stille naudsynte krav for å sikre kvaliteten. Vi meiner det er viktig å vidareføre rettleiande minimumskrav både for barnehageeigar sin del og kommunen som tilsynsmynde sin del. Dette vil ikkje vere til hinder for fleksible løysingar, organiseringsmåtar og lokal tilpassing, men gje signal og ei forsikring til brukarane av barnehage og barnehageeigarar om eit lovverk som gjev grunnlag for lik praktisering.

Gjeldande reglar om rett til etablering og offentleg driftstilskot med bakgrunn i kommunen si godkjenning er foreslått vidareført i lovframlegget. Dette skal sikre omsynet til konkurranse der brukarane sitt val av barnehage vil avgjere kva for barnehage som har tilfredsstillande eksistensgrunnlag. Vi meiner her at det må vurderast ei sikring i forhold til overkapasitet som fører til nedlegging av barnehagar som følgje av at vi nå nærmar oss full behovsdekking. Det bør derfor finnast ei formulering i §10 som gjev kommunen som barnehagemynde høve til å

avslå godkjenning dersom kommunen har full behovsdekking. Ei slik avgjerd må sjølvsagt gjerast ut frå ei totalvurdering av behov for plassar og ulike typar tilbod som foreldra måtte ønskje for barna sine. Dette vil og samsvare med statleg målsetting om at kommunen ut frå lokalpolitisk skjønn og demografi skal prioritere kva som er viktigast og korleis barnehagetilbodet skal utformast, og kommunen si plikt til å sørge for eit tilstrekkeleg tal på barnehageplassar (jf andre avsnitt i ny §8).

Framlegg til nytt tredje ledd:

”Kommunen kan unnlate å godkjenne barnehager dersom nyetableringar vil medføre overkapasitet i det samla barnehagetilbudet i kommunen, og når nyetableringar vil gi negative følger for effektiv drift og kvalitet i det samla barnehagetilbudet.”

§13 Prioritet ved opptak

Barnehagen skal gje eit tilbod som alle barn kan gjere seg nytte av. Dette er nedfelt i ny lov §2 (omsyn til barn sin alder, funksjonsnivå, kjønn, sosial og etniske bakgrunn). Fordi barnehage er eit av dei viktigaste enkelttiltak for barn med nedsett funksjonsevne, foreslår departementet å vidareføre retten barn med nedsett funksjonsevne har til prioritet ved inntak. Ved søknad om barnehageplass skal det ligge ei sakkunnig vurdering til grunn, som seier om graden av nedsett funksjonsevne utløysar fortrinnsretten. Med utgangspunkt i at alle barn kan ha godt av å vere i barnehage, foreslår departementet å fjerne vilkåret om at barn med nedsett funksjonsevne skal ha nytte av barnehageopphaldet.

Departementet foreslår også at barn som har vedtak etter barnevernlova §4-12 (omsorgsovertaking) eller §4-4 (innvilging av barnehageplass som frivillig hjelpetiltak) også får prioritet ved inntak. Slik lovfesting gjer barnehagen til ein del av førstelinetenesta som kommunen også er ansvarleg for etter anna lovverk.

Merknad:

Sjølv om vi nå nærmar oss full behovsdekking, ser kommunen det som positivt at ein vidarefører at barn med nedsett funksjonsevne får prioritet ved barnehageinntak. Ei utviding av retten til prioritet til også å gjelde barn med vedtak etter barnevernlova ser vi på som ei stadfesting av gjeldande praksis som i dag vert gjennomført i mange kommunar. Prioritet ved inntak gjev ikkje ein individuell rett til barnehageplass.

Vi merkar oss at departementet fjernar vilkåret om at barn med nedsett funksjonsevne skal ha nytte av opphaldet, då dette heller ikkje er eit krav for andre barn. Det som må vurderast nøye er korleis barn sine rettigheter etter Opplæringslova §5-7 nå skal ivaretakast dersom barnet ikkje skal ha særskilt utbytte av eit barnehageopphald framfor andre barn. Paragraf om spesialpedagogisk hjelp i Opplæringslova vert ståande som den er, sjølv om det vert gjort tilpassingar på sakshandsamingsreglane som etter vår meining betyr at kravet til enkeltvedtak om spesifisering av tidsressurs fell vekk. Når vi veit kva problem som har oppstått mellom ressursar utgått frå tidlegare 10% ressurs til barn med funksjonshemming og ressursar vedteke som enkeltvedtak etter Opplæringslova §5-7 med påfølgjande fritak for foreldrebetaling, burde dette vore problematisert og rydda opp i.

Kap V. Personalet

§18 Ledelse

Gjeldande barnehagelov §16 set krav til at kvar barnehage skal ha ein styrar som har den daglege leiinga av barnehagen. Med dagleg leiing meiner ein både pedagogisk og administrativ leiing. Styraren si viktigaste oppgåve er å vere den pedagogiske ansvarlege for innhaldet i barnehagen. Lova set derfor krav til at styraren skal ha utdanning som førskulelærer. Lova opnar for at fleire barnehagar kan samordne styrarressursane sine dersom det ikkje fører til reduksjon av styrarressursen for den enkelte barnehage. Lova opnar og for at rektor kan vere styrar for barnehagen når barnehage og grunnskule er organisert som ei verksemd.

I framlegget til ny lov er departementet klar på at barnehagen skal ha ein forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing, og at kvar barnehage skal ha ein dagleg leiar. Ut frå nasjonale omsyn er det viktig med ei bestemming om fagleg leiing for å sikre barn eit likeverdig pedagogisk tilbod. Barnehagen si hovudoppgåve er å hjelpe foreldra med barna si oppdraging, omsorg og læring. Det har derfor stor betydning at den pedagogiske verksemda har ei kompetent fagleg leiing som er tilstades for barn, foreldre og tilsette. Den faglege leiaren skal inspirere til nytenking i tråd med samfunnsutviklinga generelt og utviklinga av det småbarnpedagogiske feltet spesielt. Den faglege leiaren skal også ha ansvar for planlegging av pedagogisk arbeid, samarbeid med barnevern-tenesta, helsestasjon, grunnskule, PPT, og andre kommunale tenester som barnehagen skal samarbeide med. Spørsmålet som vert stilt er om leiar skal ha utdanning som førskulelærer eller ikkje.

Merknad:

Departementet sitt alternativ A har etter vår meining for opne og fleksible reglar for leiing. Alternativ B vil på motsatt måte binde barnehageeigar for mykje opp i forhold til kompetansekravet.

Vi vil og klart oppfordre til at også større einingar kan organiserast som ei verksemd, med rektor som dagleg leiar for barnehagen. Vi har lang erfaring i slik organisering (sidan 1991 med dispensasjon frå utdanningskravet), og har vidareført dei erfaringane vi har gjort til ein stor organisasjon. I den samla leiinga vil det vere rom for førskulelærarkompetanse i tillegg til førskulelærarkompetanse i barnegruppene. Vi ser positive styrkingar for barn, tilsette og føresette med eit samla fagleg miljø.

Vi ønskjer å omformulere alternativ B slik:

*”Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.
Barnehagen skal ha en daglig leder som har relevant pedagogisk kompetanse og nødvendige lederegenskaper.*

Når barnehage og grunnskole er organisert som en virksomhet, kan skolens rektor være daglig leder for barnehagen.

*Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd.
Kommunens vedtak kan påklages fylkesmannen.*

Departementet gir nærmere forskrifter. ”

§19 Barnehagens øvrige personale

Gjeldande barnehagelov §17 har i dag krav om utdanning som førskulelærer for pedagogiske leiarar. Bemanninga elles skal vere tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

I drøftinga til lovframlegget er departementet klar på at førskulelærarkompetansen er viktig i barnehagen, men vil ikkje lovfeste stillingskategori som pedagogisk leiar. Det vert vist til barnekonvensjonen (artikkel 3 nr 3) og Europarådet sin rekommandasjon om barnehagar (Rec(2002)8). Eit tilstrekkeleg tal på tilsette med relevant kompetanse er beregninga i barnehagen si utøving av kvalitet. Med utgangspunkt i foreldre sitt utdanningsnivå og utdanningsnivået generelt i samfunnet bør kravet til personalet sin kompetanse styrkast. I tillegg vil også forslaget om lovfesting av barn sin rett til medverknad sette krav til eit personale som er lydhøre overfor barn og utvikle eit godt samspel med barn. Barnehagen har og eit generelt førebyggjande aspekt som krev at dei tilsette må ha kunnskapar om barn og barn si utvikling og læring. Departementet er klar på at det er barnehageeigar som har ansvaret for barnehagen si totale bemanning kan ivareta dei oppgåvene som barnehagen har.

Departementet drøftar og norma for pedagogisk bemanning. Gjeldande bemanningsnorm er sett til 14-18 barn pr pedagogisk leiar når barna er over 3 år, og 7-9 barn pr pedagogisk leiar når barna er under 3 år, og barna si opphaldstid er over 6 timar. Departementet er og klar på at norm for pedagogisk bemanning ikkje er ei norm for gruppestorleik, men ei norm for barnehagen som verksemd.

Tidlegare drøftingar om norm for pedagogisk bemanning har handla om å flytte norma frå forskrift til lov og å auke pedagogtettleiken (St. meld. nr. 27(1999-2000) med referanse til Ot. prp. Nr. 68 (1993-1994) og Innst. S. nr. 207 (1999-2000)). I OECD rapport om barnehage vert det peika på at Noreg har ein tydeleg lavare pedagogtettleik enn land det er naturleg å samanlikne seg med.

Departementet legg opp til 4 alternative framlegg:

- A. Vidareføre pedagognorma som i dag.
- B. Vidareføre pedagognorma, men med ei forenkling.
- C. Oppheve pedagognorma
- D. Oppheve krav om utdanning som førskulelærer og oppheve pedagognorma.

Vi har følgjande merknad:

I drøftinga til departementet kan vi klart trekkje ein konklusjon på at krav om fagkompetanse som førskulelærer er riktig kompetanse retta inn mot arbeid i barnehage og mot små barn i gruppe. Dette vil gje ein forsvarleg kompetanse i forhold til dei oppgåvene som barnehagen skal løyse i forhold til lova.

Vi går inn for alternativ B som ny paragraf 19. Dette vil stille krav til kompetanse som førskulelærer i arbeidet med barna. Pedagognorma vert vidareført, men med ei forenkling uavhengig av barn sin alder. For ein barnehage med tilbod for barn frå 0-6 år, vil dette samla sett gje om lag same pedagogtettleik som i dag. Dette må sjåast på som ei minimumsnorm, og vil ikkje hindre barnehageeigar i å auke pedagogtettleiken ytterlegare.